



INVITASJON TIL DELTAKING I «TENKETANK» VELFERDSTEKNOLOGI I TENESTER TIL PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING

Plan oppretting Tenketank:

Det er beslutta i prosjektgruppa til Vestlandsprosjektet, at det skal setjast saman ei gruppe av tilsette frå kommunane i Vestlandsprosjektet. Denne gruppa vert kalla «Tenketank». Dette er ei ad hoc gruppe jfr. Prosjektplanen til Vestlandsprosjektet. Tenketanken skal bestå av tilsette som kan vere ressurs innan, og har spesielt stor interesse for (eldsjeler) og/eller kompetanse innan velferdsteknologi som kan gje gevinst i tenester til personar med utviklingshemming.

Styringsgruppa i Vestlandsprosjektet støttar opprettinga av Tenketanken, og set krav om geografisk spreing, breidde i fagbakgrunn/kompetanse og at både små og store kommunar er representerte.

Gruppa skal bestå av 8 deltakarar. Kvar kommune skal difor ikkje delta med representant, sidan Tenketanken skal jobbe for å fremme velferdsteknologi for alle prosjektkommunane, og med spreing av erfaringar jfr. Nasjonalt velferdsteknologiprogram sine kriterier. Ved stor interesse, vil det bli gjort utval utifrå kriteria om spreing både fagleg og geografisk, samt om kommunestorleik.

Prosjektadministrasjonen i Vestlandsprosjektet legg til rette for å opprette denne tenketanken, og deltek som koordinator. Det vil bli oppretta eit mandat for tenketanken.

Målsetjing:

Tenketanken skal jobbe fram idèar for korleis få velferdsteknologi inn som naturleg del av tenester til personar med utviklingshemming. Deltakarane i tenketanken skal setje i verk relevant arbeid med velferdsteknologi i eigen kommune og dele erfaringar i tenketanken.

Forløp:

November 2019-Juni 2020. 4 møter i løpet av perioden à 2,5 time. Deretter vil det bli gjort opp status, som vert lagt fram for prosjektgruppa som gjer vurdering av korleis vidareføre arbeidet.

Første møte 25. november kl. 12:00-14:30, Knarvik

Deltaking:

Ved å delta vil din kommune vere med å skape noko som kan bidra til utviklings på området velferdsteknologi til personar med utviklingshemming. Dette er eit område som har sakka akterut samanlikna med i eldreomsorga, ofte begrunna med at lovverket hemmar. Ved å jobbe saman med Fylkesmannen og Nasjonalt velferdsteknologiprogram, kan vi få til utvikling og forbetring på området. Dette er dermed eit viktig arbeid i det vi går inn i det siste året i Nasjonalt velferdsteknologiprogram (2020). |

Meld inn på e-post til gro.lovik@masfjorden.kommune.no innan 11.11.19

- Har kommunen din ein aktuell kandidat? Ja/nei
- Dersom kommunen har deltakar:
 - Deltakar: namn og tittel/arbeidsstad, samt spisskompetanse
 - Kontaktinformasjon til deltakar

Ved spørsmål, ta kontakt:

Gro H. D. Løvik (prosjektmedarbeidar Vestlandsprosjektet)

Mobil: 40 80 16 46

E-post: gro.lovik@masfjorden.kommune.no